



Statsforvaltaren i Vestland

Søknadsskjema
Nynorsk

SØKNAD OM MUDRING, DUMPING OG UTFYLLING I SJØ OG VASSDRAG



Skjemaet skal nyttast ved søknad om løyve til mudring, dumping og utfylling i sjø og vassdrag etter forureiningsforskrifta kapittel 22 og forureiningslova § 11. For andre tiltak i sjø kan søknadsskjemaet nyttast som utgangspunkt for kva opplysningar Statsforvaltaren treng for å kunne fatte ei avgjerd. Du kan gjerne bruke søknadsskjema for desse tiltaka også.

Skjemaet må fyllast ut nøyaktig og fullstendig, og alle nødvendige vedlegg må følgje med. Se rettleiar til søknadsskjema og informasjon til søker i eige dokument.

<https://www.statsforvalteren.no/nn/vestland/miljo-og-klima/forureining/mudring-og-dumping---soknadsskjema/>

Bruk vedleggsark med referansenummer til skjemaet der det er nødvendig.

Søknaden skal sendast til Statsforvaltaren pr. e-post (sfvlpost@statsforvalteren.no) eller pr. brev (Statsforvaltaren i Vestland, Statens hus, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger).

Innhald

1. Generell informasjon	3
2. Type tiltak.....	4
Del A – Mudring	4
Del B – Dumping	6
Del C – Utfylling	7
3. Lokale tilhøve	9
4. Forureiningssituasjon, avbøtande tiltak, overvaking og mål	11
5. Handsama hjå andre styresmakter?	15
Vedlegg	15

1. Generell informasjon

a Tiltakshavar (ansvarleg søker)

Namn Vibeke Helene As
Adresse Prestemarka 8, 6980 Askvoll
Telefon 90912852
e-post torherland@yahoo.no
Hovudeining 924519126
(org.nr.) 990062196
Undereining
(org.nr.)

b Tiltakshavars kontaktperson

Namn Tor Jørgen Herland
Adresse Prestemarka 8
Telefon 90912852
e-post Torherland@yahoo.no

c Konsulentfirma (eventuelt)

Namn Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst.
Adresse Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst.
Telefon Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst.
e-post Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst.

d Entreprenør (dersom kjend)

Namn Grunnfjell As
Adresse Herlandsvegen 330
Telefon 90079368
e-post post@grunnfjellas.no

e Lokalisering av tiltak

	Mudring	Dumping	Utfylling
Kommune	Kommune	Kommune	Askvoll
Stadnamn	Stadnamn	Stadnamn	Olsetvikane
Gnr./bnr.	Gnr./bnr.		30/49
Koordinatar			
Koordinat-system og ev. sonebelte	Nord: Nord Aust: Øst	Nord: Nord Aust: Øst	Nord: Nord Aust: Øst

f Tidsperiode for planlagt gjennomføring av tiltaket (månad og år) og kor lenge arbeidet vil pågå

Gjennomføring vert så raskt som mogleg etter godkjent søknad
Tiltaket vil bli starta hausten 2025 og ut 2026

g Fakturainformasjon

Fakturaadresse

Prestemarka 8, 6980 Askvoll

Fakturareferanse

Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst.

Anna

Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst.

(Prosjektnummer e.l.)

Kontaktperson for
fakturerings

Namn

Tor Jørgen Herland

Telefon

90912852

e-post

torherland@yahoo.no

2. Type tiltak

Mudring, dumping og plassering av materiale frå skip er underlagt reglane i forureiningsforskrifta kapittel 22. *Mudring og dumping i sjø og vassdrag* og krev alltid løyve etter § 22-6.

For utfyllingsarbeid og andre tiltak utført frå land er det ein vurderingssak frå Statsforvaltaren si side om tiltaket krev løyve etter forureiningslova § 11.

Mudring

☐

Fyll ut del A

Dumping

☐

Fyll ut del B

Utfylling

☒

Fyll ut del C

Ja

Nei

Tiltak i ferskvatn

☐☒

Dersom tiltak i ferskvatn:

Ja

Nei

Er det strekningar som fører anadrome laksefisk eller
trua ferskvassartar (t.d. elvemusling, ål, edelkreps)

☐☐

Del A – Mudring

Ein kvar planlagt forflytning av massar frå sjøbotn

Utgreiing av tiltaket

a Føremål

Vedlikehaldsmudring

☐

Årstal siste mudring

xxxx

Dok. Vedlagt

☐

Farledsmudring

☐

Miljømudring

☐

Undervasssprenging ☐

Anna

☐

Spesifiser: Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst.

b Gi ei kort utgreiing av tiltaket inkludert føremål

Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst.

c Areal som skal mudrast. Skal også teiknast inn og talfestast i kart.

XXXX Kvadratmeter, m²

d Volum som skal mudrast

XXXX Kubikkmeter, m³ XXXX Utrekna vekt, tonn

e Vassdjup før mudring

XX - XX m

f Ønska vassdjup etter mudring

XX - XX m

g Tiltaksmetode ved mudring

Utførast frå skip ☐

Utførast frå land ☐

Gravemaskin ☐

Grabbmudring ☐

Sugemudring ☐

Undervasssprenging ☐

Anna

☐

Beskriv kort korleis mudringa skal utførast for alle metoder:

Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst.

h Disponeringsløsning for mudra massar

Lovleg avfallsanlegg

☐

Dumping i sjø eller
vassdrag

☐

Fyll ut del B

Nyttiggjering på land

☐

Forklar under

Anna

☐

Forklar under

Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst.

i Metode for awatning, opplasting, transport og disponering av mudra massar (forklar)

Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst.

Del B – Dumping

Tømming av materiale i sjøen for å bli kvitt det

Beskriving av tiltaket

a Areal som blir rørt av dumpinga. Skal også teiknast inn og talfestast i kart.

XXXX Kvadratmeter, m²

b Volum som skal dumpast

Ja

Nei

XXXX	Kubikkmeter, m ³	Inkludert masseutviding?	☐	☐
XXXX	Utrekna vekt, tonn	Ev. grad av utviding	XXXX	%
c Vassdjup før dumping				
XX - XX	m			
d Vassdjup etter dumping				
XX - XX	m			
e Mengde tørrstoff i sediment som skal dumpast				
XXXX	tonn			
f Vassinnhald i sedimenter som skal dumpast				
XXXX	%			
g Gje greie for massane som skal dumpast				
Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst.				
h Gje greie for metoden som skal nyttast				
Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst.				

Del C – Utfylling

Tømming av masser i sjøen for å etablera noko nyttig, som utvida areal. Det må vere *nyttiggjering* og det må vere *eigna massar*.

Utgreiing av tiltaket

a Føremål

Landvinning

☐

Infrastruktur	☐	
Molo/bølgebrytar	☒	
Anna	☐	<i>Spesifiser:</i> Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst.

b Gje kort greie for tiltaket. Spesifiser føremål med utfyllinga.

Fylling i sjø til molo for å lage hamn til fiskebåt. Det er ikkje mogleg å ha båt liggande slik området er no.

Skyte ut i terrenget og fylle ut for å få hamn på innsida av molo, sjå vedlegg kartutsnitt

c Areal som skal fyllast ut. Skal også teiknast inn og talfestast i kart.

400 Kvadratmeter, m²

d Volum som skal fyllast ut.

3000 Kubikkmeter, m³ 4800 Utrekna vekt, tonn

e Vassdjup før utfylling

1-4 m

f Gje greie for metoden for utfylling (snitt-teikning(ar) skal leggjast ved)

Sjå vedlegg 1 og 2

Skal fyllast ut frå land, 4 meter bredde på topp dekke, ferdig molo ca 34 meter og 15 meter ut frå land

Landområde, her skal det sprengast ut og bruke stedlige masser til fylling for molo

g Gje greie for utfyllingsmassane inkl. vurdering av plast

Det vil verte fylt ut med masser sprengt ut på plassen. Det er reine stedlige masser utan forureining som blir brukt.

3. Lokale tilhøve

a Eigedomar som blir råka av tiltak

Eigar	Gardsnummer/bruksnummer
Torbjørn Gjørøy	30/49
Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst.	Gnr./bnr.
Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst.	Gnr./bnr.
Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst.	Gnr./bnr.
Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst.	Gnr./bnr.
Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst.	Gnr./bnr.
Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst.	Gnr./bnr.
Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst.	Gnr./bnr.

Dersom tiltaket går inn på eller kan råka anna persons eigedom skal skriftleg godkjenning frå grunneigar leggjast ved.

b Utgreiing av botntilhøve og området sin grunnstabilitet

Stabile botntilhøve, finkorna sediment. Området har stabile grunnforhold, ikkje fare for utrasing av sjøbotn som følgje av utfyllinga.

	Ja	Nei
c Er det naturverdiar i eller i nærleiken av tiltaksområdet? <i>Dersom ja, angje kva for og omtal korleis desse eventuelt kan råkast av tiltaket. Oppgje kjelde for opplysningane.</i> Våtmarksområde, vi vil ta hensyn til hekking av fuglar og gyting av fisk. Ikkje jobbe i tidsrommet 1 februar – 31 mai.	☒	☐
d Utgreiing av naturtilhøva (ver, vind, straum, mm.) Området er på ei vik, med vind frå nord og nordvest er det ikkje muleg å ha båt liggande utan ly frå molo.		
e Oppgje kjente allmenne brukarinteresser knytt til lokaliteten eller nærområdet til lokaliteten og beskriv korleis desse eventuelt kan råkast av tiltaket. Ingen allmente brukarinteresser.		
f Havnespy Er det kjente førekomstar av havnespy¹ i nærleiken av tiltaksområdet? Er deg grunn til å tru at det kan vere havnespy i nærleiken av tiltaksområdet?	☐ ☐	☒ ☒
g Er det røyr, kablar eller andre konstruksjonar i området? <i>Dersom ja, merk av på kart som skal leggjast ved søknaden</i>	☐	☒

¹ <https://artskart.artsdatabanken.no/havnespy>

4. Forureiningssituasjon, avbøtande tiltak, overvaking og mål

Prøvetaking og analyse må utførast av uavhengig tredjepart med dokumentert kompetanse.

	Ja	Nei
a Er det kjende forureiningskjelder i nærleiken (t.d. slipp, kommunalt avløp, båthamn, industriverksemder e.l.) <i>Dersom ja, angi kva for</i> Båthamn i nærleiken Betongblandeverk	☒	☐
Rettleiaren for søknadsskjemaet er lest og prøvetakinga er omtalt i samsvar med denne	☒	☐
b Kartlegging av forureining i sjøbotn (analyseresultat/rapport skal leggjast ved søknaden)		
Tal prøvestasjonar	XXXX	
Tal prøvepunkt per stasjon	XXXX	<i>Prøvepunkt skal teiknast inn på kart, jf. figur 1 i «Rettleiar til søknadsskjema»</i>
Prøvedjupne (analysert) i sediment (laginndeling må visast)	Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst.	
Gje greie for prøvetakinga		
Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst.		

c Summør opp analyseresultata (det må gå fram om sjøbotn inneheld miljøgifter i tilstandsklasse III eller høgare²)

Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst.

d Finstoffinnhald i sedimentet

Stein	Grus	Sand	Silt	Leire
%-andel	%-andel	%-andel	%-andel	%-andel

Eventuell nærmare omtale

Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst.

e Gje greie for avbøtande tiltak for å hindre spreieing av forureining (inkludert reine partiklar) og/eller negativ påverknad på naturverdiar. For utfylling må også tiltak mot spreieing av plast vurderast.

Det blir brukstsedlige masser, ved behov for masser blir det brukt lokale masser som blir visuelt kontrollert etter utsprengning og ved opplasting. All forureining som er synleg vil bli fjerna.

² Tilstandsklasser for sediment jf. Veileder M-608/2016 – revidert 30.10.2020

f Gje greie for risikovurderinga av tiltaket på ytre miljø og vis til eventuell rapport. *Risikovurderinga bør gjennomførast av uavhengig tredjepart med dokumentert kompetanse.*

Liten og ingen risiko.

På den aktuelle tomte og nabotomter har det vore utfylling tidlegare, på kaiområdet er det fylling, men ikkje tilrettelagt for kai og båtfeste. Molo er eit større tiltak, men for å bruke området er det naudsynt å legge til rette for å lage hamn til båt.

g Tiltaks mål

Sprengje ut på innsida og lage molo på ca 34 meter og 15 meter ut frå land, for å lage hamn til fiskebåt.

h Miljømål

Minimalt utslepp, fylling stedlige masser

Vi vil ta hensyn til fugl og fisk, ikkje jobbe med fylling i sjø når det er gyting for fisk i området og fuglane hekker.

i Plan for overvaking av vatn, spreiking av massar og sluttkontroll

Grunnfjell As som skal utføre jobben har rutiner for overvåking av utføring av jobben

Grunnfjell As har løyve til fylling på nabotomta

5. Handsama hjå andre styresmakter?

(det er tiltakshavar som har ansvar for å ha dei nødvendige løyva på plass ved oppstart)

	Ja	Nei	Annet
a Plan- og bygningslova (kommunen)	☐	☒	<i>Skal leggest ved</i> ev. kommentar
b Hamne- og farvasslova (Kystverket/havnevesen)	☐	☒	ev. kommentar
c Kulturminnelova (Norsk Maritimt Museum)	☐	☒	ev. kommentar
d Forskrift om fysiske tiltak i vassdrag (dersom Fylkeskommunen)	☐	☒	ev. kommentar

Andre opplysningar som er av betydning for saken skal leggest ved søknaden.

Vi gjer merksam på at søker sjølv er ansvarleg for ikkje å oppgje sensitiv informasjon (forretningshemmelegheiter, ol.) i søknadsskjemaet då skjemaet er offentleg tilgjengeleg.

- ☒ Søkar er kjent med at det skal betalast gebyr for handsaming av søknaden (kryss av for å stadfesta), jf. forureiningsforskrifta § 39.

Askvoll 27.10.2025
Stad, dato

Tor Jørgen Aerland
Underskrift
Søkar sin underskrift

Vedlegg

- ☐ Nr.XX Analyseresultat
- ☐ Nr.XX Kartutsnitt i relevant målestokk (med detaljer teikna inn)
- ☒ Nr.03 Løyve frå grunneigar (dersom relevant)
- ☐ Nr.XX Vurdering etter plan- og bygningslova
- ☐ Nr.XX Vedtak etter hamne- og farvasslova
- ☐ Nr.XX Vurdering etter kulturminnelova
- ☒ Nr.01 Utsnitt fylling
- ☒ Nr.02 Kartutsnitt tiltak
- ☐ Nr.XX Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst.


Vedlegg




Nr. 04 Godkjenning frå Askvoll kommune


STATSFORVALTAREN I VESTLAND

Statens hus, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger || sfv|post@statsforvalteren.no ||
<https://www.statsforvalteren.no/vestland/>





Utsnitt fylling, på 8 meter djupne




Dette er på det djupaste, bredda vil reduserast etter djupna for å få ei sikker og stabil molo.

NY søknad:

Her vil fyllinga ligge på ca 4 meters djupne og bredda vil være redusert ut frå første utkast der molo var ut til 8 meters djupne.

På botn:





Løyve frå grunneigar

Gjeld Olsetvikane gardsnummer 30 og bruksnummer 49 i Askvoll kommune.

Underteikna gjer tillatelse til tiltak i samsvar med søknad om utfylling til molo på inntil 40 meter molo og utbetring av eksisterande fylling.

Askvoll 13.05.2025

TORBJØRN GJØRØY

A handwritten signature in blue ink, reading "Torbjørn Gjørøy". The signature is written in a cursive, flowing style.



Arkiv: GBR-30/49
JournalpostID: 25/13860
Sakshandsamar: Lien, Liss Merete
Dato: 09.10.2025

Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
094/25	Formannskapet	20.10.2025

Søknad om dispensasjon frå reguleringsplan for Olsetvikane til etablering av hamn på gbnr 30/49

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet meiner at vilkåra for å gje dispensasjon frå industriføremålet i reguleringsplanen og byggegrensa langs sjø til etablering av hamn på gbnr 30/35 som omsøkt. Dispensasjon vert gjeve på vilkår av at:

- hamna vert nytta til fiskerinæring/næring og ikkje til hamn for fritidsbåtar
- sprenging og utfylling/deponering av massar ikkje kan skje i gyteperioden til fisk, som er i tidsperioden februar-april.
- støyande anleggsarbeid i samband med etablering av hamna kan berre gjennomførast i tidsrommet kl. 07.00 – 19.00, men ikkje på laurdagar, søndagar eller heilagdagane.

20.10.2025 Formannskapet

Handsaming:

Presisering av bruksnummer, rett nummer er 49
Røysting - samrøystes

FOR094/25 Vedtak:

Formannskapet meiner at vilkåra for å gje dispensasjon frå industriføremålet i reguleringsplanen og byggegrensa langs sjø til etablering av hamn på gbnr 30/49 som omsøkt. Dispensasjon vert gjeve på vilkår av at:

- hamna vert nytta til fiskerinæring/næring og ikkje til hamn for fritidsbåtar
- sprenging og utfylling/deponering av massar ikkje kan skje i gyteperioden til fisk, som er i tidsperioden februar-april.

- støyande anleggsarbeid i samband med etablering av hamna kan berre gjennomførast i tidsrommet kl. 07.00 – 19.00, men ikkje på laurdagar, søndagar eller heilag dagar.

Kva saka gjeld:

Saka gjeld søknad frå føretaket Vibeke Helene As v/Tor Jørgen Herland om dispensasjon frå reguleringsplan for industriområde i Olsetvikane og byggegrensa langs sjø til etablering av hamn til fiskebåt/sjark på gbnr 30/49.

Saksutgreiing:

Det vert søkt om ein molo som går 15 m ut frå land med ein vinkel på 31-34 m lengd mot aust. Moloen vert 4 m brei på toppen og topp molo skal ligge 2 m over flomålet. Skråningane skal ha ei helling på 1:1. Djupna der moloen endar er ca - 5- 6 m under middelvass-stand. Topp molo vert liggande innanfor område som i reguleringsplanen er sett av til industri. Det må skytast ut på innsida av moloen, ca 450 m² landareal ned til kote -3,5 m djupne. Det er opplyst at slik hamna er planlagt vil det bli nokonlunde massebalanse, men noko finmasse må køyrast vekk.

Etablering av hamn er søknadspliktig jf. §§ 20-1 a og k og 20-2 i plan- og bygningslova. Søknad kan handsamast administrativt dersom det vert gjeve dispensasjon. Tiltaket treng også løyve etter § 27 i havne- og farvannslova. Tiltaket vil truleg trengje løyve etter ureininglova. Tiltakhavar eig ikkje grunnen, men grunneigar har gjeve skriftleg samtykke. Andre naboar er ikkje varsla då deira interesser ikkje vert bebrørt.

Det aktuelle området er i reguleringsplan for industriområde i Olsetvikane, vedteken 31.01.85, avsett til industri. Det vil seie at utfylling i sjø til næringsområde er tillatt. Føremålet opnar derimot ikkje for å anlegge hamn/kai (dvs. sjøområde). Søknad om etablering av hamn treng difor dispensasjon frå føremålet i reguleringsplanen. I reguleringsplanen er det ikkje fastsett byggjegrænse langs sjø. I 2017 fastslo departementet at byggeforbodet i 100-metersbeltet langs sjøen gjeld for byggeområder avsatt i tidlegare vedtatte planar dersom det ikke er fastsatt byggegrense. Tiltaket treng difor også dispensasjon frå byggegrensa langs sjø i § 1-8 i plan- og bygningslova.

Sjøområde er i arealdelen av kommuneplanen omfatta av omsynssone H560_105 Bevaring naturmiljø - Gyteområde

Tiltakhavar grunngjev søknaden med at det i dag ikkje er mogleg å nytte dette området til hamn. Med vind frå nord og nordvest er det ikkje mogleg å ha båt liggande utan ly frå molo.

Søknaden er sendt på uttale til Statsforvaltaren jfr § 19-1 i plan- og bygningslova. Dei har kome med følgjande fråsegn:

Statsforvaltaren meiner tiltaket med bygging av ein molo i det omfanget som den er søkt om og er vist i oversendinga, vil setja vesentleg til side ulike omsyn som landskap, friluftsliv og natur, slik dei er nedfelte i plan- og bygningslova § 1-8. Etablering av moloen vil framleis medføre ei betydeleg nedbygging og privatisering av strandsona på staden – kor ein no også skal sprenga/fjerna store mengder med stein i strandsona. Dei kan difor ikkje sjå at tiltaket vil gje grunnlag for å opne opp for dispensasjon jf. pbl. § 19-2. Dei rår kommunen til å vurdere behovet for ein «planvask» av reguleringsplanen og meiner då kommunen vil ha moglegheit til å vurdere kva ei eventuell nedbygging av strandsona vil få for dei ulike omsyna slik dei er nedfelte i lova. Eit anna alternativ er å ta søknaden inn som eit innspel i den pågåande kommuneplanprosessen. Kommunen må soleis gjera ei vurdering om dette er ein eigna stad for å utvikle denne verksemda eller sjå på andre alternative lokaliseringar. Statsforvaltaren rår framleis ifrå at det vert gjeve dispensasjon og løyve til tiltaket slik det er søkt om i dispensasjonssøknaden. Dersom det likevel vert gjeve dispensasjon, ber dei kommunen om å sende vedtaket til Statsforvaltaren i Vestland for klage vurdering.

Vurdering:

Kommunen kan gje dispensasjon frå plan i medhald av § 19-2 i plan- og bygningslova. Dispensasjon kan ikkje gjevast dersom omsyna bak føreseigna det vert søkt om dispensasjon frå, eller omsynet bak

lova sin formålsparagraf vert vesentleg tilsidesett. Fordelen ved å gje dispensasjon må vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering.

Formålet med byggeforbodet langs sjø er å hindre privatisering og nedbygging av strandsona. Det skal jfr § 1-8 i plan- og bygningslova takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser ved spørsmål om utbygging i strandsona ved sjø og vassdrag. Vilåret for dispensasjon er ikkje tilstades dersom det er vesentleg konflikt med desse interessene.

Det er allereie utsprengt, planert og etablert kai på eigedomen sør og aust for omsøkte hamn og det er etablert tilkomstveg til eigedomen. Det vert ikkje drive noko næring på eigedomen idag. Hamna grenser mot vest til areal som framleis er urørt, men som er sett av til industri.



Av område som er sett av til industri i reguleringsplanen er det ca 95 daa att som ikkje er utbygd/frådelt. Ei hamn for fiskebåt vil ikkje kome i konflikt med industriførmålet eller gjere det vanskeleg å utnytte området vidare i samsvar med plan.

Etablering av hamn på område som allereie er utspenkt og planert synes ikkje å medføre ytterlegare privatisering av strandsona. Då området er nytta til næring er det ikkje allmenne ferdsel og frilufsinteresser i området. Strandsona på vestsida av omsøkte molo er urørt, men på austsida av eigedomen vart det på slutten av 80-tallet etablert ein skjeté og i seinare tid er området innanfor

denne fylt ut. Topp av omsøkte molo vert liggande ca på kote 2,5 noko høgare i terrenget enn arealet rundt. Omsøkte tiltak synes ikkje kome i vesentleg konflikt med natur eller landskapsomsyn. Etablering av hamn for fiskebåt synes utifrå dette ikkje å kome i konflikt med industriformålet eller omsynet bak byggeforbodet i strandsona.

Nærmaste fiskerihamn er Herland. Det kan vere ein fordel at areal avsett til industri som ligg ved sjøen, vert nytta til sjøretta næringar. Anna verksemd treng ikkje ligge på areal ved sjøen.

Statsforvaltaren tilrår at kommunen vurderer ein «planvask» av reguleringsplanen og meiner kommunen då vil ha moglegheit til å vurdera kva ei eventuell nedbygging av strandsona vil få for dei ulike omsyna slik dei er nedfelte i lova. Administrasjonen er einig i at reguleringsplanen for Olsetvikane bør vurderast gjennom «planvask». Kommunen er i gong med å revidere arealdelen av kommuneplanen, og som det framgår i planprogrammet, vil «planvask» av alle reguleringsplanane i kommunen bli gjennomført som del av planarbeidet. Reguleringsplan for Olsetvikane er svært generell, og seier ingenting om kva typer næringar som kan etablerast ulike stader i området. Føresegnene gjev òg lite styring/føringar for korleis området skal byggjast ut. Planen er så gamal at det ikkje er gjort vurderingar av td. strandsonen og landskap i planen. Detaljregulering for Atløysambandet er vedteken og går gjennom planområdet. Arbeidet med vegsambandet er lyst ut på anbod, og vil ha innverknad på korleis delar av industriområdet vert nytta framover (ikkje på området med omsøkt tiltak). Administrasjonen meiner det er lite aktuelt å vurdere reguleringsplan for Olsetvikane no. Det bør vente til den samla «planvasken» i arealdelen.

Reguleringsplanen er gamal, frå 1984, og vil truleg bli oppheva. Det har likevel ikkje vore noko tema å ikkje vidareføre industriområdet her. Om det vil bli opna for like mykje utfylling i sjø som i gjeldande reguleringsplan er usikkert. Reguleringsplan for Olsetvikane omfattar eit stort industriområde utan særleg med kaier. Kai vart teke ut ved motsegn fordi den mangla offentleg tilkomst. I dag har ein meir fokus på sjøretta næring og dermed kaier.

I utgangspunktet burde ein opna for kaier/hamn gjennom ei meir heilskapleg tilnærming i ny reguleringsplan for industriområdet. Administrasjonen ville ikkje tilrådd at det vart gjeve dispensasjon dersom det var tale om å etablere hamn på eit “urøyr” område. Men sidan området er utsprengt og planert frå før meiner administrasjonen det kan vere tilrådeleg å gje dispensasjon frå industriføremålet og byggegrensa langs sjø til etablering av hamn no.

Sjøområde er som nemnt omfatta av omsynsone bevaring naturmiljø då det er registrert som gyteområde. I retningslinjene til arealdelen pkt 9.1 går det fram at i desse områda skal langsiktig vern av det biologiske mangfaldet prioriterast og vektleggast ved handsaming av søknad om tiltak i områda. Innanfor sonene skal det som hovudregel ikkje gjerast inngrep. Dersom inngrep likevel vert vurdert, må konsekvensane av tiltaket og framlegg til evt. avbøtande tiltak gjerast greie for. Dersom det vert gjeve dispensasjon til etablering av hamn må det settast vilkår om at sprenging og utfylling og deponering av massar ikkje kan skje i gyteperioden til fisk, som er i tidsperioden februar-april.

Dersom det skal gjevast dispensasjon må det settast vilkår om at hamna vert nytta til fiskerinæring/næring og ikkje til hamn for fritidsbåtar.

Det er ca 800 m til busetnaden på andre sida av Askvika. Etablering av hamn som omsøkt kan medføre ulempe for busetnaden med tanke på støy. Det må difor settast vilkår om at anleggsarbeidet skal ligge under støygrenser fastsett i retningslinjer eller forskrift i medhald av forureiningslova, pt. Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging, T-1442. Samt at støyande anleggsarbeid berre kan gå føre seg i tidsrommet kl. 07.00 – 19.00, men ikkje på laurdagar, søndagar eller heilagdag.

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.

Plan- og bygningslova, Lov av 27.06.08 nr. 71, §§ 1-8, 19-1, 19-2, 20-1 OG 21-4

Lov og hamner og farvann, lov av 17.04.09 NR. 19, §§ 27 og 29

Arealdelen av kommuneplanen vedtatt 14.10.15

Vedlegg i saka:

12.10.2025	Fråsegn - endra søknad - dispensasjon - Askvoll 30/49 - etablering av hamn / kai	360340
12.10.2025	Endring søknad	360341
12.10.2025	Søknad om dispensasjon frå arealplanen - hamn / kai gbnr 30/49	360342
12.10.2025	Utsnitt av reguleringsplan	360343
12.10.2025	utsnitt reguleringsplan med djupne	360344
13.10.2025	Vibeke Helene As v	360381
14.10.2025	Snitt molo	360432